

# Masteroppgåve

## Ikkje fastlagd pensumlitteratur

### Mål og innhald

Masteroppgåva skal vere eit fagleg sjølvstendig arbeid basert på eigne undersøkingar utført i emnet [SANT320](#).

Straks etter feltarbeidet skal studenten ta kontakt med rettleiar for ein samtale om feltarbeidserfaringar og det vidare løpet. I byrjinga av semesteret følgjer studenten opp feltarbeidsrapporten med å skrive ein tekst på 3000 ord basert på eigen etnografi med det formålet å få i gang skriveprosessen. Teksten kan til dømes ta utgangspunkt i eit «case», ei viktig hending eller funn, eller eit metodologisk problem, og eventuelle analytiske implikasjonar av desse. Det kan vere utkast til eit kapittel, eit samandrag eller ei første skisse av argument studenten ønskjer å utvikle eller ei drøfting av analytiske omgrep som kan nyttast. Dette grovutkastet skal tidleg i studenten sitt 3. semester presenterast for diskusjon i eit skriveseminar.

I masteroppgåva skal studenten gjere greie for dei tematiske, metodiske og teoretiske føresetnadene som arbeidet byggjer på. Tekst og argument skal utviklast i samarbeid med rettleiar. I vurderinga av masteroppgåva vert det lagt vekt på studenten si evne til sjølvstendig analyse av eige etnografisk materiale i ljós av relevant antropologisk teori.